



UNIVERSITETET I BERGEN

University of
Bergen
Faculty of
Psychology

Jobbnorge ID: 214767

Deadline: 1/20/2022

Website: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Scope: Fulltime

Duration: Permanent

Førsteamanuensis i sosialpsykologi knytt til profesjonsstudiet i psykologi

UiB - Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=vtJLmcUJ3-w>

Førsteamanuensis

Ved Institutt for samfunnspsykologi, Det psykologiske fakultet, er det ledig ei fast 100% stilling som førsteamanuensis i sosialpsykologi knytt til profesjonsstudiet i psykologi.

Arbeidsoppgåver/forskningsområde:

Stillinga er knytt til profesjonsstudiet i psykologi. Konkrete arbeidsoppgåver vil mellom anna vere:

- Emneansvar, undervising, rettleiing og sensur på alle nivå i profesjonsstudiet i psykologi, primært innan sosialpsykologi.
- Det kan òg bli aktuelt å bidra på andre studieprogram ved instituttet.
- Det blir forventa at den som blir tilsett deltar i å utvikle studieprogram og studieemne, samt deltar i å utvikle og utprøve nye undervisningsformer der studentane sitt læringsutbytte står i sentrum.
- Det blir forventa at den tilsette bidreg til forskningsfronten innan sosialpsykologi gjennom aktiv deltaking i ei av instituttet sine forskningsgrupper.
- Initiere og ta del i samarbeid om forskningsprosjekt, søknadsskriving og publisering.
- Samarbeide tett med kollegaer ved instituttet.
- Ta del i administrative oppgåver, møter og komitéarbeid på lik linje med andre tilsette ved instituttet.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- For å vere kvalifisert til stillinga som førsteamanuensis må søkjar ha oppnådd ph.d./doktorgrad innan sosialpsykologi eller område med høg relevans for sosialpsykologi, eller ha dokumentasjon på levert ph.d.-avhandling innan sosialpsykologi eller område med høg relevans for sosialpsykologi. Denne må vere godkjend før tilsetjing.
- Søkjar må kunne dokumentere undervisings- og forskingserfaring innan sosialpsykologi.
- Det vil vere ein føremon viss ein i tillegg kan dokumentere undervisings- og forskingserfaring innan eit av dei andre basalområda ved instituttet (utviklingspsykologi, kognitiv psykologi eller personlegdomspsykologi)
- Det vil telje klart positivt viss søkjar har forskingserfaring og/eller praktisk erfaring innan anvendt sosialpsykologi (til dømes gjennom forskning på, eller praktisk arbeid med, sosialpsykologisk funderte intervensjonar i skule- og utdanningssektoren, i arbeidslivet, i helsevesenet, eller andre settingar.)
- Søkjar sitt potensiale for forskning vil verte vektlagt.
- Motivasjon og personlege eigenskapar vil verte vektlagt.
- Han eller ho må kunne arbeide sjølvstendig, strukturert og ha gode kommunikasjons- og samarbeidsevner.
- Utdanningsfagleg kompetanse er eit krav for stillinga, sjå «[Regler for vurdering av utdanningsfagleg kompetanse ved UiB](#)». Dersom den som blir tilsett ikkje kan dokumentere tilstrekkeleg utdanningsfagleg kompetanse ved tilsetjing, må krava vere oppfylte innan to år.
- Kunne nytte engelsk skriftleg og munnleg
- Det er eit krav om at den som blir tilsett kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk frå start.

Vi tilbyr:

- Spannande og utviklande arbeidsoppgåver i et sterkt fagmiljø
- Løn etter lønnssteg 68 - 74 (kode 1011/lønssamme 24, minimum alternativ 8) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. Dette utgjør ei årsløn på kr 626 100 - 702 100 brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte

- aktuelt å vurdere høgare løn.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om søkjaren sin bakgrunn og motivasjonen for å søkje stillinga, og korleis søkjar sin kompetanse er relevant for undervising i sosialpsykologi gitt ved instituttet
- CV
- Vitnemål og attestar
- Stadfesting på levert doktoravhandling (dersom doktorgrad ikkje er oppnådd på søknadstidspunktet)
- Namn på to referansar med kontaklinformasjon
- Fullstendig publikasjonsliste
- Liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar. Nærare informasjon om dokumentasjon av utdanningsfagleg kompetanse finn du [her](#)
- Liste over vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysningar om kvar dei er offentleggjorde
- Vitskapelege arbeid søkjaren vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maksimalt 10)

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i JobbNorge.

Vi gjer merksam på at søknader vert vurdert med den informasjonen og dei vedlegg som er knytt til søknaden i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Vedlegga må vere på engelsk eller eit skandinavisk språk, og eventuelle omsetjingar må vere attesterte. Det er søkjar sitt ansvar å sørje for at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Det er særst viktig at kvart av dei vitskapelege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden, jamfør siste kulepunkt.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

- Instituttleiar Torbjørn Torsheim, Institutt for samfunnspsykologi, +47 55 58 33 01, e-post: Torbjoern.Torsheim@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn, hol i CV eller personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga. Opplysningar om nedsatt funksjonsevne eller hol i CV, kan verte brukt til registreringsføremål i Universitetet i Bergen sin inkluderingsdugnad.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskapelege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det psykologiske fakultet består av fem institutter og to senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Additional information

Place of service:

Institutt for samfunnspsykologi 5015 Bergen (Bergen Municipality)